

**- Kan ikkje slutta når ein har eit kall**

17.01.2011



7 var på møtet i kveld og her syng dei. Frå venstre Linda Tvedt, Jan Tvedt, Jan Olav Hjelmeland, Ådne Hjelmeland (3 veker), Monica Hjelmeland, Frida Nybakk og Mariann Myklebust

**Uskedalen Unge Røyster, som om få dagar fyller 35 år, hadde ein gong rundt 100 medlemmar. No er det berre rundt 10 som vanlegvis kjem på møta annankvar måndag og i kveld møtte det berre 7.**

**Men når uskedalen.no spør om leiarane ikkje vert motlause og får lyst til å gje opp, svarar Mariann Myklebust:**

**- Når ein har eit oppdrag eller eit kall, kan ein ikkje slutta.**

Det var Tormod Myklebust som hadde ideen om å starta barnetiltaket Unge Røyster også her i bygda, etter å ha vorte sterkt inspirert av eit slikt kor i Arna. Der var det fleire kor, rangert etter alder.

Også her i Uskedalen fungerte Unge Røyster som kor frå starten, men etter kvart vart det også andre postar på timeplanen. Dei syng mykje framleis, men ikkje lenger som eit offentleg kor. I tillegg har leiarane andakt og dei frammøtte lagar ymse hobbyting. I kveld var det teikning på forkle.

- Vi lager alltid noko fint, seier Mariann.  
- Men aller viktigast er det at barna lærer om Jesus. Dåpsopplæringa står sentralt, seier Jan Tvedt som også er nestleiar i indremisjonen.

Han brukar også eit anna viktig stikkord: Vaksenkontakten, som det er viktig å utvikla. Leiarane er også opptekne av at møta ikkje vert for stive og høgtidsame men at dei unge skal få lov til å leika seg hvis dei vil det.

På programmet i bedehuset står også Fredagsforum, som Unge Røyster tek seg av og som etter planen skal haldast ein fredag i månaden med andakt, spel og servering.

(Tekst og foto. Ola Matti Mathisen)



Linda Tvedt les ei historie